



Statens vegvesen

ARKOCONSULT AS
Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/207352-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.11.2022

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid – Manger – Gnr. 445 bnr. 84 og 322 – planID 46312022007

Vi viser til dykkar brev datert 10.10.2022 og uttalefrist 09.11.2022.

Saka gjeld

Planområdet er på om lag 9,73 daa, og ligg på Manger i Alver kommune. Køyreavstand til Knarvik er om lag 30 min. Til Bergen sentrum er det om lag 46 min. å køyre. Det varsla planarbeidet legg opp til etablering av om lag 35 nye bustadeiningar på Manger, fordelt på eigedomane gnr. 445 bnr. 84 og gnr. 445 bnr. 322.

Delar av planområdet er regulert gjennom reguleringsplanen for Manger sentrum, PlanID 1260 2007 00 800. Områda er i denne planen sett av til bustad og kombinert formål bustad/forretning. I kommunedelplanen for Radøy er området sett av til bustad.

Det er planlagt tilkomst til planområdet via eksisterande tilkomstveg til Rema1000. Tilkommstvegen er regulert gjennom reguleringsplanen for Manger Torg, planID 1260 2010 00 200.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg (stryk viss ikkje aktuelt) og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Nullvisjonen Stortinget vedtok i 2002 en Nullvisjon. Dette er en visjon om ingen drepte eller hardt skadde i vegtrafikken. I Nasjonal transportplan for 2022–2033 er det fastsett eit etappemål for utviklinga i talet på drepte og hardt skadde. Ambisjonen er at det maksimalt skal være 350 drepte og hardt skadde i 2030. Nullvisjonen er en klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk vert drept eller hardt skadd i trafikkulykker. I tillegg utgjør ulykkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, trass i dei fordelane vegtrafikken gir. Nullvisjonen er altså både en etisk vegvisar og en retningslinje for det vidare arbeidet med trafikktryggleik i Noreg. Dette inneberer mellom anna at transportsystemet, transportmidlane og regelverket for åtfærd skal utformast på en måte som fremjar trafikksikker åtfærd hos trafikantane, og i størst mogleg grad medverkar til at menneskelege feilhandlingar ikkje fører til alvorlege skader eller død.

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Det følgjer av retningslina at *«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løysningar på tvers av kommunegrensene»*.

Nullvekstmål for personbiltransporten

Med ein forventning om auka befolkning og økonomisk vekst, følgjer også ein forventning om auka persontransport. Nullvekstmålet inneberer at persontransportveksten i byområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, og kan betraktast som en kombinasjon av fire tiltak: å redusere personbiltransport og å fremje kvar av dei tre alternative transportmåtene gange, sykkel og kollektiv. Dette tiltaksarket fokuserer på klimagasseffekten av tiltaket, men det er viktig å peike på at det politiske målet har fleire formål enn å redusere klimagassar, som effektiv arealbruk, redusere støy og bidra til betre luftkvalitet og framkomelegheit.

Konkrete innspel til dette planarbeidet

På Manger er det skule, kjøpesenter og andre servicefunksjonar. Vurdert isolert ut frå dei kvalitetane som området har i dag ligg det til rette for bustadbygging her. Etter det vi kan sjå vert det no lagt opp til utbygging av om lag 35 nye bustadeiningar. Nokre av desse er i tråd med vedteken reguleringsplan, medan det ikkje er samsvar mellom planarbeidet og reguleringsplanen for Manger sentrum for gnr. 445 bnr. 322. Ein liten del av sistnemnte eigendom er i reguleringsplanen for Manger Torg endeleg vedteken 05.12.2013, vist som næringsområde. Sørleg del som er detaljregulert er vist som kombinert føremål bustad/forretning i reguleringsplanen for Manger sentrum, vedteken den 25.09.2008.

I kommunedelplan for Manger, sist revidert i 2019 er nordleg del av den same eignedomen vist som bustadområde.

Alver kommune har i referat frå oppstartsmøte sagt at ein må sjå planarbeidet i samanheng med dei andre planane i området. Manger er eit av områda som i vedteken Samfunnsdel av kommuneplanen er definert som eit lokalsenter. I utkastet til planprogram for kommuneplanen sin arealdel har ein peikt på at eit viktig prinsipp knytt til mobilitet, er å prioritere omsynet til gåande og syklande tidleg i planprosessar.

Det er eit rimeleg bra kollektivtilbod på Manger. Samstundes må ein leggje til grunn at det ikkje er nok arbeidsplassar her til at behovet for å køyre privatbil ikkje er til stades. Langs fylkesvegnettet er tilbodet til mjuke trafikantar meir eller mindre fråverande, straks ein kjem utanfor sentrum. Planarbeidet må vurderast i høve til Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP) og i lys av kva kvalitetskrav ny KPA vil legge opp til med omsyn til vidare arealutvikling på Manger.

I/ved planområdet er det fylkesveg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.

Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløyisingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløyisingar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE EIGEDOM, Postboks 7900, 5020 BERGEN